



Tett som sild i tønne med 150 fotballspelarar på tribunen.

Med eit kraftig rungande JA stadfesta dei 150 deltakarane på TINE fotballskule i Rosendal at dei hadde hatt tre kjempedagar, då skulen vart avslutta torsdag middag. Er de fornøgde? Har de hatt tre fine dagar? spurde mellom anna Håvard Sætrevik frå arrangørane i RT, og svara var like kraftfulle og klare på alle spørsmåla.



[Denne gruppa avslutta med leiken Kongen befaler.](#)

Fotballskuleelevane hadde hatt tre gode dagar. Dei var ikkje berre blitt betre fotballspelarar, dei hadde også hatt det grådige kjekt på andre måtar, og ikkje minst hadde dei vorte kjent med mange nye jamaldringar. Dei yngste deltakarane var fødd i 2009 medan dei eldste var 2003-modellar.

Mest alle deltakarane kom frå Kvinnherad, men dei kom frå eit stort område. Dei kom frå heile strekningen frå Mauranger til Raudstein. Det kom ei stor gruppe frå Matre- og Åkra-området, og det var 4 som kom med ferja over frå Hatlestrand. Over 40 av deltakarane kom frå Uskedalen. Kvar dag har dei trent frå kl. 9 til 14 med 2 fruktmåltid og eitt brødmåltid innimellom.

Det var litt av ei forsamling som samlast på tribunen etter avslutta trening og rydding av banen. Til avslutning fekk alle tildelt diplom av eldsjela Arvid Nes, og i tillegg vanka det is til kvar einskild. Tidlegare hadde deltakarane fått fotball og TINE-pakke med flott drakt, drikkeflaske og treningssekk.

Arvid Nes var svært fornøgd med årets fotballskule. Han var full av lovord om både elevar, instruktørar og andre frivillige.

- Ellevane har vore veldig ivrige, og det har vore veldig kjekt. Veret kunne heller ikkje vore betre, avslutta fotballeldsjele frå Rosendal.





Diplomutdeling.



I kø for å få is.





Martine får is.



Ebba Hermann Fossli har lært masse fotball og fått mykje fint utstyr.





Isak får diplom.



Filip takkar Arvid Nes for diplomen.





Anna Elisabeth har nett motteke diplom, no ventar is.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland